

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Berit Karin Rystad		23/269

Saksnr	Utval	Type	Dato
032/23	Formannskapet	PS	06.06.2023
	Kommunestyret	PS	

Reiselivskoordinator på Fedje - prosjekt
Oppfølging av reiselivsplan 2023-2027 (under arbeid)

Vedlegg:
Søknad om finansiering til reiselivskoordinator

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

Fedje Maritime Næringsråd har sendt søknad om løyving til å finansiere ein reiselivskoordinator på Fedje. Næringsrådet ynskjer i samband med rullering av reiselivsplanen, og den auka interessa for å vitje Fedje, å være med og bidra til fleire ressursar knytt til koordinering og utvikling av reiselivet.

Næringsrådet håper Fedje kommune ser nytte av eit slikt arbeid og at kommunen kan bidra til at det blir satt av midlar (spleiselag).

For å komme raskt i gang er det foreslått å opprette en «reiselivskonto» for å finansiere ein reiselivskoordinator for 2023. Feddie og Søsterselskapet bidrar med til saman kr. 20.000,-. Fedje Maritime Næringsråd/LivOGLyst bidrar med kr. 30.000,-

Fedje Maritime Næringsråd søker med dette om eit tilskot på kr. 50 000,-.

Oppgåva som reiselivskoordinator er foreslått lagt til Fedje Landhandleri. Fedje Landhandleri har i fleire år hatt ein avtale med kommunen om å representere turistinformasjonen på Fedje, og har difor god kjennskap til reiselivet på Fedje og i regionen. Fedje Landhandleri har i tillegg delteke i den pågåande rulleringa av reiselivsplanen til Fedje kommune, og kjenner prosessen og planarbeidet godt. På same måte som for LivOGLyst vil kontoen bli administrert av Fedje Maritime Næringsråd, og arbeidet vil bli fakturert time for time.

Vurdering

Fedje kommune held på å revidere reiselivsplanen som gjekk ut i 2022. Ny plan vil gjelde frå 2023 – 2027. Kommunedirektøren arbeider for å få fram planen til politisk handsaming i fyrste møte etter sommarferien.

Den reviderte reiselivsplanen vil ha stort fokus på aktivitet, koordinering og gjennomføring av handlingsplan. Ein reiselivskoordinator vil være nyttig, spesielt knytt til å realisere aktivitetane som

blir lagt inn i planen, med tidsfrist.

I tillegg skjer det mykje spennande knytt til reiselivet i regionen, og en koordinator vil kunne etablere eit aktivt samarbeid i regionen.

Til slutt så vil kommunedirektøren peike på nytten av samspelet mellom kommune, næringsliv og frivillige lag i arbeidet med å fremje og utvikle reiselivet på Fedje. Me står sterkare og får til meir om me samarbeider.

Folkehelse

Aktivitetar som blir lagt til rette for reiseliv vil og være til innbyggjarane å nytte seg av. Dette gir livskvalitet, førebyggjar einsemd og bidreg til folkehelsa

Miljø

fokus i reiselivssatsinga er berekraft.

Økonomi

Reiseliv er ei av dei viktigaste næringane på Fedje i dag og har stort utviklingspotensiale. Det blir berre ein større og større inntekstskilde for næringslivet på Fedje og kan bidra til å skape nye verksemder

Konklusjon

Kommunedirektøren rår til å støtte prosjekt «Reiselivskoordinator». Det ligg midlar i budsjettet og det vil støtte opp under realiseringa av revidert reiselivsplan 2023-2027. I tillegg er det viktig å være positiv til samarbeid med andre aktørar på Fedje for å fremje ny næringsaktivitet og støtte opp under eksisterande reiselivsnæring.

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek å løyve 50 000,- til Fedje Maritime Næringsråd til ein reiselivskoordinator. Midlane skal takast av budsjettet for 2023, og som er satt av til reiseliv

Formannskapet - 032/23

F - behandling:

F - vedtak:

Kommunestyret vedtek å løyve 50 000,- til Fedje Maritime Næringsråd til ein reiselivskoordinator. Midlane skal takast av budsjettet for 2023, og som er satt av til reiseliv. Samrøystes vedteke.